

Saksframlegg

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/7760-45

Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020**Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Opplæringstilbudet ved skulane blir lyst ut slik:

a) Årdal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	0,5	7
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	31
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	0,0	10
4	PBPBY4YK--	Påbygging til generell studiekompetanse- etter y-komp.	1,0	20
Totalt			10,5	200

b) Sogndal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	4,0	47
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	26
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	32
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	2,0	34
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	120
2	STUSP2----	Studiespesialisering	3,0	90
3	STUSP3----	Studiespesialisering	3,0	90
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
Totalt			40,0	784

c) Høyanger vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse og oppvekstfag	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	14
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
Totalt			7,5	150

d) Dale vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	15
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
Totalt			9	193

e) Mo og Øyrane vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	5,0	61
1	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	48
2	HSAMB2----	Ambulanséfag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helseservicefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	2,0	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk-hest	1,0	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfaget	1,0	13
2	NALGA2----	Landbruk - og gartnarfaget	2,0	28
3	NANAB3----	Naturbruk- studieførebuande	1,0	14
3	NALBR3----	Landbruk	1,0	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1,0	14
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel - YSK 4-årig	1,0	15
2	SSSSS2P---	Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig	1,0	11
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	0,0	8
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	0,0	16
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	12
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	3,0	36
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
Totalt			37,5	501

f) Hafstad vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	0,5	15
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	122

2	STUSP2----	Studiespesialisering	4,0	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120
1	KDKDA1----	kunst, design og arkitektur	0,5	15
2	KDKDA2----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
3	KDKDA3----	kunst, design og arkitektur	1,0	30
Totalt			18,0	542

g) Flora vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	2,0	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	30
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	16
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,5	23
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
Totalt			27,5	531

h) Måløy vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	13
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	15
1	HSHSF1P---	Helse- og oppvekstfag YSK-4-årig	0,5	8
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag YSK 4-årig	0,5	6
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1,5	18
1	NANAB1P---	Naturbruk maritime fag YSK 4-årig	0,0	4
4	NAAKV2P---	Akvakultur YSK 4-årig	0,0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	10
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	12
2	RMKOS2----	Kokk og servitørfag	1,0	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	25
1	TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	4
2	TPTIP2P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	3
2	TPPOK2----	Plast og komposit	0,5	6
2	TPMAR2----	Maritime fag	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	1,0	17
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	1,0	18
Totalt			21,0	334

i) Firda vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	2,0	60

1	MDMDD1-- 4-	Musikk, dans og drama- dans	0,5	13
1	MDMDD1-- 1-	Musikk, dans og drama- musikk	1,0	24
1	MDMDD1-- 6-	Musikk, dans og drama- drama	0,5	13
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1,0	24
3	MDMUS3----	Musikk	1,0	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
Totalt			14,0	387

j) Eid vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og handverk	2,0	34
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	1,0	14
2	DHFRI2----	Frisør	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	14
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	1,0	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	27
2	TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon LAD	0,5	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12
Totalt			20,0	370

k) Stryn vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,5	30
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1,0	15
1	SSSSA1----	Sal, service og sikkerheit	0,5	6
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	7
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60
Totalt			15,5	310

- Det blir lyst ut grupper i kombinasjon mellom opplæring for ungdom og opplæring for vaksne i tråd med saksutgreiinga.
- For at tilbodet om påbygging til generell studiekompetanse skal bli meir fleksibelt for søkarar som har rett til påbyggingstilbod etter godkjent yrkeskompetanse, blir det sett av fem plassar i alle gruppene for vg3 påbygging til generell studiekompetanse til denne søkargruppa. Dette kjem i tillegg til eksisterande gruppa for vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved Årdal vidaregåande skule.

Vedlegg:

- Vedlegg 1 Avgangselevar frå grunnskulen per kommune og region.
 Vedlegg 2 Fagopplæringsnemnda, - saksutgreiing
 Vedlegg 3 Fagopplæringsnemnda saksprotokoll
 Vedlegg 4 Innspel frå opplæringskontora
 Vedlegg 5 Innspel frå rektorane ved dei vidaregåande skulane

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Punkt 1 er bakgrunnen for at saka blir fremja. I punkt 2 gjer fylkesdirektøren greie for elevgrunnlaget og dei økonomiske rammene. Framlegget til opplæringstilbod er utarbeidd med 220 grupper ved skulane, i samsvar med den økonomiske ramma.

Punkt 3 er ein kort gjennomgang av faktorar som påverkar dimensjonering av tilboda. For første gang blir opplæringstilbod for ungdom og vaksne lyst ut som kombinasjonsgrupper. Ved denne løysinga kan ein utnytte kapasiteten ved skulane og gje større søkargrunnlag til tilbod som har svak søking av ungdom. I tillegg er ein svært oppteken av å skaffe arbeids- og næringslivet tilstrekkeleg med arbeidskraft. I del 3 er også endringane i den yrkesfaglege strukturen omtala, sjølv om den først trer i kraft frå skuleåret 2020-21. Det er gjort vurderingar av konsekvensane av strukturendingane og av mogelege tilpassingar allereie frå 2019-20.

Punkt 4 er fylkesdirektøren sine vurderingar av tilrådinga frå fagopplæringsnemnda og innspel til opplæringstilbodet frå rektorane ved dei vidaregåande skulane.

Punkt 5 er fylkesdirektøren sine framlegg til endringar av tilboda i forhold til dei tilboda som er sette i gang inneverande skuleår.

Punkt 6 er ein kort omtale av konsekvensar for personale.

Punkt 7 er fylkesdirektøren i oppsummering.

Punkt 8 syner oversikt over samla tilbod i framlegget, ved kvar skule.

1. Bakgrunn for saka

Saka gjeld framlegg til opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane skuleåret 2019-20. Det vedtekne tilbodet blir lyst ut med søknadsfrist 1. februar for søkarar med fortrinnsrett og søkarar som kan ha rett til spesialundervisning. For andre søkarar er fristen 1. mars. Etter søknadsfristen vil ein, så godt som råd er, tilpasse tilbodet ved skulane til søkinga. Justering av opplæringstilbodet blir handsama i hovudutval for opplæring i april 2019.

Som bakgrunnsinformasjon er vist samla oversikt over plassar og inntekne ved vidaregåande skular skuleåret 2018-19. Data er frå 11.10.18

Tabell 1

Skolnavn	Tilbod sett i gang 2018-19		Inntekne elevar etter rettstype			Totalt innt	Ledige pl
	Grupper	Plasser	U-rett	V +F- rett	I- rett		
Dale vidaregåande skule	9	191	177		19	196	- 5
Eid vidaregåande skule	19	351	295		3	298	53
Firda vidaregåande skule	13	358	319	2	2	323	35
Flora vidaregåande skule	27	525	489		10	499	26
Hafstad vidaregåande skule	19	574	499	8	5	512	62
Høyanger vidaregåande skule	8	153	135		5	140	13
Mo og Øyrane vidaregåande skule	37,5	500	470	2	20	492	8
Måløy vidaregåande skule	20,5	336	309	1	4	314	22
Sogndal vidaregåande skule	40	791	740		15	755	36
Stryn vidaregåande skule	15	307	277			277	30
Årdal vidaregåande skule	11	215	166	10	17	193	22
Totalt	219,0	4301	3876	23	100	3999	302

U-rett betyr ungdomsrett, og er den søkargruppa fylkeskommunen har ansvar for å gje eit opplæringstilbod. F-rett betyr fullføringsrett, og er ein rett søkaren får eitt år, dersom han er innteken utan rett året før. V-rett betyr vaksenrett, på grunnlag av alder, dvs. over 24 år. I-rett er søkarar utan rettar til vidaregåande opplæring.

Dei 17 inntekne med I-rett ved Årdal vidaregåande skule er til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. Retten til generell studiekompetanse etter bestått yrkesfag er ein eigen rett, ikkje ei utviding av ungdomsretten.

Til samanlikning var tala for 2017-18:

	Grupper	Plasser	U-rett	V +F- rett	I- rett	Totalt innt	Ledige pl
Skuleåret 2017-18	219,5	4242	3841	26	76	3943	299
Differanse mellom 2018-19 og 2017-18	-0,5	59	35	-3	24	56	3

Tal ledige plassar er på nivå med førre skuleår. Utdanningsprogramma medium og kommunikasjon ved Hafstad og Sogndal vidaregåande skular og kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule har dårleg oppfyljing. Desse utdanningsprogramma har samla om lag 80 ledige plassar.

2. Føresetnader

2.1 Økonomisk ramme

Løyvinga til opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 tilsvarar om lag 220 grupper. I tillegg kjem løyving til ei gruppe for elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev (vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter fag og yrkeskompetanse).

Skuleåret 2018-2019 er det sett i gang i alt 219 grupper. I tillegg blei det i justeringa av opplæringstilbodet (HO-sak 8/16) sett av ein grupperessurs til disposisjon i samband med inntaket. Denne grupperessursen blei ikkje nytta. Ved dei skulane der ei ekstra gruppe ville gje fleire søkarar tilbod, var det ikkje kapasitet til fleire grupper på dei aktuelle utdanningsprogramma.

På bakgrunn av skulebruksplanvedtaket (FT-sak 26/13) er det fylkesdirektøren si vurdering at grupperessursen til vg4 påbygg, ikkje kan nyttast til å auke gruppetalet i det ordinære tilbodet til 221 grupper.

2.2 Elevgrunnlaget

Prognosen for søkartal til vg1 består av fleire element; avgangselevane frå grunnskulen, om lag halvparten av dei som går i grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom (GMU), og forventa tal søkarar som gjer omval til nytt vg1.

I tillegg tek vi høgde for søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i år. Vi har lagt inn same prosent søking frå grunnskulen (95%) og same omvalsraten og nivå søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i inneverande skuleår (10%).

Elevtalet i vg1 i år, forventa omvalstal til nytt vg2 og potensielle søkarar som ikkje er i vidaregåande opplæring i år, er grunnlag for dimensjonering på vg2.

På vg3 er det berre studieførebuande utdanningsprogram, med unntak av avviksfag (tre år i skule læretid etterpå) i elektrofag. Vg2 inneverande år er inntaksgrunnlaget.

Til skuleåret 2019-20 er det meldt inn 1468 avgangselevar frå grunnskulane. Det er 69 fleire enn til inneverande år.

Av den samla auken på nær 70 elevar frå grunnskulane har Nordfjord ein auke på 72, Sunnfjord ein auke på 6, og Sogn ein nedgang på 9 avgangselevar. Det er kommunane Gloppen og Stryn som har størst auke, med høvesvis 23 og 26 fleire avgangselevar enn til inneverande skuleår.

Det er 100 elevar i 8 grupper GMU, på Sogndal, Årdal, Høyanger, Flora, Firda, Mo og Øyrane, Eid og Stryn vidaregåande skular. På grunnlag av erfaringane frå søking til inneverande år reknar fylkesdirektøren det som realistisk at om lag halvparten av desse vil vere klare for søking til vg1 skuleåret 2019-20.

Hornindal kommune går over til Møre og Romsdal fylke frå 1.1.2020. Møre og Romsdal fylkeskommune har teke kontakt med fylkesdirektøren med tanke på å få til ein gjesteelevavtale for elevane frå Hornindal. Samtidig har fylkesrådmannen i Møre og Romsdal innstilt på nedlegging av Herøy vidaregåande skule, avdeling Vanylven frå skuleåret 2019-2020. Dersom fylkestinget vedtek

nedlegging i møtet 12.11, ønsker dei at gjesteelevavtalen også skal omfatte elevar frå Vanylven kommune. Fylkesdirektøren er positiv til ein slik avtale, og den blir lagt fram for hovudutvalet for opplæring når grunnlag for avtalen og detaljane er på plass.

Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) syner at elevtalet i grunnskulen i Hornindal varierer mellom 21 og 12 per årstrinn. Det er synkande tal elevar nedover i klassestega, med eit gjennomsnitt på 15 elevar per årstrinn. I Vanylven kommune varierer elevtalet per årssteg frå 40 til 21, med eit gjennomsnitt på 31 elevar per årstrinn. Herøy vidaregåande skule, avdeling Vanylven, er ein lite skule med vg1 studiespesialisering, vg1 helse- og oppvekst, vg2 helsearbeidarfag og vg1 teknikk og industriell produksjon. Det betyr at søkarane til vg2 og vg3 studiespesialisering og andre utdanningsprogram har etablert søkarmønster mot andre skular i Møre og Romsdal. Det vil difor vere uvisst kor mange av elevane frå kommunen som vil søke skular i Sogn og Fjordane, avgrensa til Nordfjord.

Vedlegg 1 syner avgangselevar per kommune og region og tal elevar i GMU.

Fylkesdirektøren nyttar tal inntekne elevar med ungdomsrett som grunnlag for vidareføring til vg2 og vg3. Denne ordninga blei innført frå og med skuleåret 2013-14. Inntekne elevar vi ikkje har plikt til å vidareføre til neste nivå er ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget, men dei får tilbod om ledige plassar. Tabell 1 syner at i overkant av 100 søkarar utan rett har fått plass inneverande skuleår.

Plasstalet i ein del av gruppene er ikkje stabilt frå år til år. Det blir endra som ein konsekvens av organiseringa av spesialundervisninga og behovet for utvidingar for å gje rom for alle søkarane med ungdomsrett. Ut over dette har ein forsøkt å halde plasstala til 12/15 i yrkesfaglege utdanningsprogram og 24/30 i studieførebuande utdanningsprogram, med nokre unntak der arealtilhøva set grenser.

3. Faktorar som påverkar dimensjonering og tilbod i fylket

3.1 Friare skuleval mellom fylka

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2017-18 informerte fylkesdirektøren om dei økonomiske konsekvensane slik dei var på det tidspunktet. Kostnadene var om lag 3,3 mill. kr større enn før innføring av friare skuleval, og inntektene var om lag 0,9 mill. kr større.

På grunn av innføring av Vigo sentralbase (søkar- og elevdata for alle fylka på same databasen) har fylka gått over på andre verktøy for analyse av data. Alle nødvendige tilpassingar til sentralbasen er ikkje heilt på plass enno, og det betyr at vi no ikkje kan gje oversikt over tal gjesteelevar inn og ut av fylket.

3.2 Utlysing av tilbod for vaksne(VO) i lag med det ordinære opplæringstilbodet

For skuleåret 2019-20 vil fylkesdirektøren lyse ut tilbod for vaksne samtidig med det ordinære opplæringstilbodet for ungdom. Dei fleste tilboda vil vere reine ungdoms- eller vaksentilbod, men ein har valt å lyse ut nokre tilbod som kombinasjonsgrupper for ungdom og vaksne. Dette er, i dei fleste tilfelle, tilbod der søkjartala dei seinare åra har utfordra kravet om minimumssøkartal, og der vaksenopplæringa anten har kandidatar, eller reknar med at det er aktuelle kandidatar i fylket, men ikkje nok til store grupper.

Det vil vere god ressursbruk å gje desse gruppene opplæring i lag, men fylkesdirektøren er oppteken av at begge søkargruppene skal vere informerte om at det kan bli kombinerte grupper. Vaksne søkarar skal søke gjennom Vigovoksen som tidlegare.

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne vert regulert av opplæringslova §4A-3. Retten gjeld alle som har fullført grunnskule, men ikkje vidaregåande opplæring, f.o.m. det året dei fyller 25 år. Dette gjeld òg alle som ikkje får godkjend den vidaregåande opplæringa si frå utlandet. Den vaksne har rett til å få vurdert realkompetansen sin og til å få kompetansebevis.

Dei vaksne skal til vanleg få tilbod om opplæring som er organisert særskilt for dei, i samsvar med den sluttkompetansen dei ønsker. For vurderingane som ligg til grunn for å lyse ut tilbod for vaksne, og i nokre tilfelle som kombinasjon med ungdomstilbod, viser fylkesdirektøren til HO-sak 30/18 i møte 24.10.18.

3.3 Endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen

Frå skuleåret 2020-2021 vert *den yrkesfaglege tilbodsstrukturen* endra, og fylkesdirektøren omtalar her dei endringane som vil kunne få store innverknader på tilbodsstrukturen i Sogn og Fjordane.

Dei nye læreplanane for vg1 blir innførde frå skuleåret 2020-21, og for vg2 frå 2021-22.

Bygg- og anleggsteknikk

- Eksisterande programområde vg2 byggtknikk vert splitta i vg2 tømrrar og vg2 betong og mur.
- Eksisterande programområde vg2 klima,-energi- og miljøteknikk vert splitta i vg2 ventilasjon, membran og taktekking og vg2 røyr.
- Vg2 anleggsgartnar er flytt frå naturbruk til bygg- og anleggsteknikk.

Service og samferdsel endrar namn til Sal, service og reiseliv

- Vg2 transport vert flytt til utdanningsprogram teknikk og industriell produksjon.
- Dei to eksisterande programområda vg2 reiseliv og vg2 sal, service og tryggleik blir vg2 sal og reiseliv, som skal gå til lærefaga salsfaget og reiselivsfaget.
- Nytt vg2 service og sikkerheit skal gå til lærefaga førstelinetenester (kontor og administrasjon og resepsjonsfaget)

Restaurant- og matfag

- Vg2 matfag er delt i to og erstatta av vg2 bakar og konditor og vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri.

Nytt utdanningsprogram Frisør, blomster og interiørdesign (førebels namn)

- 3 programområde på vg2: vg2 blomsterdekoratør, vg2 interiør og utstillingsdesign og vg2 frisør. Nytt utdanningsprogram Design og tradisjonshandverk
- Vg2 industriell møbelproduksjon (landsdekkande tilbod ved Eid vidaregåande skule) i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, med lærefaga industrisnikkarfaget og industritapetserarfaget, går ut i ny struktur.

Utdanningsprogrammet vil ha to programområde på vg2; IKT servicefag og medieproduksjon.


Fylkesdirektøren sine vurderingar til nokre av endringane

- Restaurant- og matfag: Grunna lite søking har vi ikkje gitt tilbod om vg2 matfag på fleire år. Det er liten søking til kjøpte plassar i andre fylke.
- Frisør, blomster og interiørdesign: Vi har programområda vg2 interiør og utstillingsdesign og vg2 frisør i gjeldande struktur.
- Design og tradisjonshandverk: Truleg ikkje grunnlag for rekruttering til vg1 design og tradisjonshandverk i Sogn og Fjordane. Tilbod i Vestland fylkeskommune kan vere løysinga.
- IKT og medieproduksjon: Dei siste åra har det vore sær sars vanskeleg å formidle elevane frå vg2 IKT-servicefag til bedrift. Det er bakgrunn for fylkesdirektøren sitt framlegg om ikkje å sette i gang vg2 tilbodet inneverande skuleår.

Søkargrunnlag til tilbod i den nye strukturen

Nokre av endringane i tilbodsstrukturen vil truleg utfordre moglegeheitene til å oppretthalde breidde i nokre fagområde. Ny struktur kjem samtidig med overgang til Vestland fylkeskommune, og samtidig viser SSB sin prognose for tal 15- åringar i Sogn og Fjordane at det ikkje blir fleire elevar til å fylle skuleplassane, heller færre. Sjølv om elevtalet frå grunnskulen for kommande år er høgare enn i inneverande år, syner altso den langsiktige trenden nedgang i tal elevar i fylket. Fylkesdirektøren ønsker å vere realistisk heller enn pessimistisk, men dersom elevtalet frå grunnskulen som trend går nedover, må ein finne løysingar som gir dei beste tilpassingane mellom tilbodsstrukturen og elevtal.

Figuren under syner SSB sin prognose for tal 15-åringar dei næraste åra, middelalternativet.



Då fylkesdirektøren i fjor (HO-sak 37/17) presenterte elevtalsutviklinga, var det innflytting til fylket som opprettheldt stabiliteten i elevtalet i grunnskulen. I følgje SSB sine tal vert innflyttinga mindre enn tidlegare forventa, både av asylssøkarar og innvandrarar og forventa tal arbeidsinnvandrarar er også synkande.

Totalt vil endringane i utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk truleg utfordre oss mest, når to programområde vert splitta i fire. Søkgargrunnlaget vil ikkje vere tilstrekkeleg til å fylle alle programområde ved fleire skular, utan vesentleg større søking, noko som vil ramme søkinga til andre yrkesfag. Også endringar i dei andre utdanningsprogramma som er omtalte, vil truleg få konsekvensar for søkinga og tilbodet til elevane våre.

Det kan vere fleire strategiar for å møte den nye strukturen:

- Opprette halve grupper i programområde med få søkarar
- Lyse ut tilbod som kombinasjonsgrupper for ungdom og vaksne
- Samle enkelte av tilboda ved færre skular, eller som fylkesdekkande tilbod.

Det er fleire programområde som er dimensjonerte med halve grupper i strukturen vår i dag. Eksempel er vg2 fiske og fangst i lag med vg2 akvakultur, og vg2 reiseliv i lag med vg2 sal, service og tryggleik. Slike tilbod er vesentleg meir kostnadskrevjande. Det er fylkesdirektøren si vurdering at målsettinga om at elevane skal møte ei opplæring av høg kvalitet er avhengig av at ulike programområde må ha timar til deling i alle programfag, med mindre kompetansemåla i læreplanane er likelydande eller om lag likelydande. Opplæring i fellesfag kan gjevast på tvers av programområda. På vg2 yrkesfag er det 9 t/v.

Punkt 3.2 om utlysing av tilbod for vaksne og ungdom i lag syner at det delvis er mogeleg å redusere ulempene ved strukturendringane og fallande elevtal.

Den tredje strategien er mest utfordrande, samtidig som den kanskje på sikt gir grunnlag for å oppretthalde og vidareutvikle opplæringstilbod som arbeids- og næringsliv etterspør.

Fylkesdirektøren har også bede rektorane gje sine vurderingar av konsekvensane av ny yrkesfagleg struktur. Rektorane har kome med konstruktive innspel som vil danne grunnlag for det vidare arbeidet. Som nemnt vil endringane i utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk utfordre oss kraftig, men det er ikkje mogeleg å «førebu» oss til endringane ved å innføre dei nye programområda kommande år.

Fylkesdirektøren meiner likevel at dei konsekvensane ein ser av strukturendringane, kombinert med elevtalsutviklinga, gjer det nødvendig å bu seg på endringar i opplæringstilbodet på skulane.. Fylkesdirektøren vil likevel rå i frå å gjere bygningsmessige eller andre tilpassingar som vil legge føringar for tilpassingar til framtidig struktur no.

3.4 Overgang frå vg1 studiespesialisering til alle yrkesfag på vg2

Utdanningsdirektoratet innførte frå august 2018 ei ordning med kryssløp frå vg1 studiespesialisering til alle yrkesfag på vg2:

«Ordningen gjelder for elever som har fullført Vg1 studiespesialisering. De har fullført kravet til fellesfag på Vg2 på yrkesfag, og det frigjør 196 årstimer til opphenting av programfag fra Vg1 i det aktuelle yrkesfaglige utdanningsprogrammet.

Ordningen organiseres som kryssløp i tilbudsstrukturen. Alle de yrkesfaglige programområdene på Vg2 inngår i ordningen. Det vil si at elever kan søke seg fra Vg1 studiespesialisering til det yrkesfaglige Vg2-tilbudet de ønsker. Vi synliggjør kryssløpene i Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-2019. Det er frivillig for skoleeier å tilby ordningen med kryssløp fra Vg1 studie- spesialisering til alle yrkesfaglige programområder på Vg2.

I Vg2 skal elevene hente opp kompetanse fra programfagene på Vg1 i det aktuelle yrkesfaglige utdanningsprogrammet. Dette gjør de i et eget fag på 196 årstimer med navnet yrkesfaglig opphenting. For øvrig følger eleven opplæringen på Vg2 i programfagene, yrkesfaglig fordypning og kroppsøving på lik linje med de øvrige elevene på Vg2 yrkesfag».

Ordninga inneber at ein opprettar faget «yrkesfagleg opphenting», der elevane på vg2 får opplæring i programfag frå vg1 i utdanningsprogrammet. Desse timane er erstatning for fellesfaga som er godkjende frå vg1 studiespesialisering. Elevane skal følgje normal progresjon i programfag på vg2.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at denne ordninga krev eit visst tal elevar som ønsker overgang til eit bestemt yrkesfagleg programområde på vg2 for at det skal vere fagleg og økonomisk forsvarleg.

Som ein indikasjon på ønske om overgang frå studiespesialisering til yrkesfag i vårt fylke kan ein nytte informasjon om omval ved søking til vidaregåande opplæring. Til skuleåret 2017-18 var det 8 som søkte omval frå vg1 studiespesialisering til vg1 yrkesfag, fordelt på fem utdanningsprogram. I år var det 12 søkarar, også til fem ulike utdanningsprogram.

Fylkesdirektøren ser at omvalstala kan bli høgare når ein ikkje treng å starte på nytt vg1, men trur likevel at søkargrunnlaget for å starte slike tilbod ikkje vil vere tilstrekkeleg i noko utdanningsprogram i Sogn og Fjordane.

4. Tiltråding og innspel

4.1 Tiltråding frå fagopplæringsnemnda

Fagopplæringsnemnda (FON) vedtok i møtet 24.10.18 tilråding til hovudutvalet for opplæring, vedlegg 3. Grunnlaget for fagopplæringsnemnda si tilråding er innspela frå opplæringskontora. Desse er vedlegg 4.

Fylkesdirektøren sine vurderingar:

Fylkesdirektøren konstaterer at fagopplæringsnemnda er svært oppteken av behova for faglært arbeidskraft i næringslivet, og at nemnda meiner at desse behova må vektleggast, saman med elevane sine ønske. På vg1-nivå har søkarane rett på inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram, og desse vala kan fylkesdirektøren ikkje overstyre. Fylkesdirektøren viser til den tette dialogen det har vore med opplæringskontora og fagopplæringsnemnda dei seinare åra for nettopp å tilpasse tilbudsstrukturen til behova for fagarbeidarar. Justering av kapasiteten på vg1 og tilpassingar mellom programområde på vg2 har i stor grad vore gjort på grunnlag av slik dialog.

Til vedtakspunkta om mobilitet og marknadsføring ser fylkesdirektøren at alle partar har same interesse av å lukkast med dette. Vår erfaring er at dei vidaregåande skulane bruker tid med elevane på problemstillingar knytte til kravet om mobilitet i arbeidslivet. Dei ulike opplæringskontora og bedriftene må sjølv ta rolla som «ambassadørar» for sine fag i møte med unge og vaksne, og syne mogeleghetene i faga.

I vedtakspunktet om samarbeid mellom dei vidaregåande skulane peikar nemnda på behovet for samarbeid, delvis for å kompensere for små skular og låge elevtal. Samarbeid mellom skular er ikkje nytt, likevel er det rom for å prøve ut konkrete nye tiltak. Desse vert omtala under dei ulike utdanningsprogramma.

Innspela om kapasitet og endringar i utdanningsprogram/programområde er del av fylkesdirektøren sitt vurderingsgrunnlag, og blir omtala der ein finn det naturleg.

3.2. Innspel frå dei vidaregåande skulane

Rektorane blei i brev datert 11.9.18 inviterte til å kome med innspel til neste års opplæringstilbod. Det er ingen konkrete framlegg om nye programområde ved skulane. Ut over nødvendige justeringar på vg2 og vg3, som konsekvens av kapasiteten på vg1 og vg2 i år, er det berre få framlegg til auke i eksisterande tilbod ved skulane. Som tidlegare år har fylkesdirektøren gjort ei vurdering også av programområda som ikkje vart sette i gang grunna for lita søking.

Som nemnt innleiingsvis blir nokre tilbod gitt av vaksenopplæringa (VO) lyste ut samtidig med det ordinære tilbodet. I framlegget til tilbod om utdanningsprogram og skule går det fram kva grupper som er tenkte som kombinasjonsgrupper, som oftast ei halv gruppe for ungdom og halv gruppe for vaksne. Halve grupper til VO er haldne utanfor oppsettet som syner endringar i tilbodet. Desse gruppene skal finansierast over VO sitt budsjett.

Rektorane sine innspel til opplæringstilbodet for 2019-20 er vedlegg 5

5. Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar av opplæringstilbodet.

Fylkesdirektøren tykkjer at arbeidet med framlegg til opplæringstilbod i år har vore krevjande. Gruppetalsramma på 220 grupper gir totalt sett nok plassar, men det har ikkje vore rom for auka kapasitet i yrkesfag, slik det blir meldt behov om. Fagopplæringsnemnda har i si tilråding peika på bransjar som har behov for auka rekruttering. Det er ein fordel om slik auke i kapasitet kan starte på vg1nivå, for å sikre at ein ikkje berre flyttar vg2 søkarar mellom fleire bransjar som alle ønsker større rekruttering. Ønsket om breiast mogeleg utlysing av tilbod, og krav om vidareføring av alle som i år går i vg2, gjer at det ikkje er lagt inn auke i kapasiteten på vg1. I framlegget er det likevel 170 fleire plassar på vg1 enn talet på avgangselevar frå grunnskulen. Det vil gje plass til søkarar frå GMU og omvalssøkarar i tillegg til søkarane frå grunnskulen.

Opplæringskontora har vore konkrete i sine synspunkt om behov for auka kapasitet. Vi ser at samla føreslegen auke vil gje oss eit tilbod vi ikkje på langt nær har søkartal til, heller ikkje økonomisk ramme. Fylkesdirektøren har sterkt ønske om å imøtekomme behovet for faglært arbeidskraft, men kanskje er det elevtilgangen som hindrar oss mest. I tillegg er også raske svingingar mellom bransjane også ei utfordring. Det tek minimum fire år å utdanne ein fagarbeidar, medan svingingane i etterspurnad ofte går raskare enn det.

Under presentasjonen av framlegget i kvart utdanningsprogram vil ein difor sjå at det er gjort vurderingar som seier at kapasiteten i utdanningsprogrammet truleg er knapp, men at søkartala vil syne behova for justering. Fylkesdirektøren trur likevel at den samla ramma er tilstrekkeleg, ut frå erfaringar frå tidlegare arbeid med justering, etter søknadsfristen har gått ut. I justeringa i fjor var det i alt 13 grupper som vart auka, redusert eller ikkje sette i gang.

I saka om opplæringstilbodet for 2018-19 gjorde ein greie for lovendringa der fristen på 5 år er fjerna, og at retten no gjeld 3 år med vidaregåande opplæring fram til det skuleåret ein fyller 24 år. Det knytte seg spenning til om denne lovendringa ville gje utslag i større søking. Det totale søkartalet til vidaregåande skule var ikkje høgare første år etter lovendringa, og vi kan heller ikkje sjå auka tal søkarar mellom 20-24 år, det vil seie dei som fekk att ungdomsretten. Det skuldast nok at mange i målgruppa er i arbeid og/eller ikkje har fått med seg informasjonen om lovendringa. Kanskje vil vi først sjå resultat av lovendringa ved at fleire av dei som no startar i vidaregåande opplæring brukar lenger tid på å gjere seg ferdige.

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, og endringane er ut frå tilbod som er sette i gang 2018-19.

Utdanningsprogramma medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur

Medium og kommunikasjon blei frå hausten 2016 eit treårig studieførebuande utdanningsløp med 30 elevplassar i gruppene. Tilbodet er ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Søkinga til utdanningsprogrammet er vesentleg lågare enn det var nokre år tilbake. Nedgangen i søkinga til medium og kommunikasjon er ein nasjonal trend.

På vg1 var det etter 2.inntak 19 inntekne ved Sogndal vidaregåande skule, der 11 var primær søkerar, og ved Hafstad vidaregåande skule var det 23 inntekne, der 16 var primær søkerar.

I tillegg til nedgang i søkinga til vg1 er det også ein betydeleg reduksjon frå vg1 til vg2.

Den store «avskallinga» frå vg1 til vg2 fører til mange omval og noko fråfall. Fylkesdirektøren meiner det her er grunn til også å trekke primær søkerartal inn i vurderingane av om den totale situasjonen er slik at utdanningsprogrammet bør bli fylkesdekkande.

Trass i at det er mediemiljø både i Sogndal og i Førde, og som samarbeider med og gir praksis til elevane, er det fylkesdirektøren si vurdering at søkar- og elevtala vurdert opp mot ressursituasjonen i sektoren gjer det vanskeleg å forsvare lokalisering ved to skular som i dag.

Ved begge skulane veit vi at medieelevane bidreg positivt opp mot andre utdanningsprogram og ulike prosjekt ved skulane og i nærmiljøa. Fylkesdirektøren si vurdering er at skulane er like med omsyn til betydning for skulen og omverda. Ved Hafstad vidaregåande skule ligg også utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur, som er det andre kreative utdanningsprogrammet som fører til studiekompetanse. Tilbodet er fylkesdekkande.

Utslagsgjevande for framlegget om medium og kommunikasjon som fylkesdekkande tilbod er samarbeidet mellom medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule. Fylkesdirektøren rår til at utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon blir fasa ut ved Sogndal vidaregåande skule og blir fylkesdekkande tilbod ved Hafstad vidaregåande skule.

Skulebruksplanen punkt 18 seier «Den vidare utviklinga av det vidaregåande skuletilbodet skal skje med basis i elevane sine val, og ved at skulane utviklar og fornyar sine tilbod.» Når samla søking i fylket ikkje har auka i tråd med plasstalskravet i studieførebuande utdanningsprogram, er det fylkesdirektøren si vurdering at det er tilstrekkeleg med eitt fylkesdekkande tilbod.

Samtidig gjer ein framlegg om at tilbodet ved Hafstad blir sett i samanheng med det andre utdanningsprogrammet med svak søking; kunst, design og arkitektur. Rektor ved Hafstad vidaregåande skule har foreslått at dei to utdanningsprogramma blir slått saman i ei gruppe med 15 plassar til kvar og delingstimar til programfaga. Framlegget kjem som svar på utfordringane i ny tilbodsstruktur, men fylkesdirektøren ser ingen grunn til å vente med å fremje det. Søkargrunnlaget i kunst, design og arkitektur er tilpassa 15 plassar.

Med to grupper som no treng dei, i tillegg til to fulle grupperessursar, ekstra midlar til deling i programfag fordi det ikkje er rom til alle samtidig. Dette vil utgjere ei vesentleg økonomisk innsparing. Over tre år er innsparinga 3,9 mill. kr, og berre på vg1 vil ein ha ei innsparing på 1,9 mill.kr.

Det kan verke dramatisk å redusere plasstalet i medium og kommunikasjon frå 60 til 15 plassar, men ut frå søkinga og den relativt låge delen primær søkerar, meiner fylkesdirektøren likevel at dimensjoneringa er rett. For mange søkarar vil tilbod om mediefag som programfag vere eit akseptabelt alternativ. Ved å tilby programfag som til dømes kommunikasjon og kultur og medie- og informasjonskunnskap vil ein kunne halde vedlike samarbeidet med mediemiljøa i fylket.

Fylkesdirektøren rår til at ein ved Sogndal vidaregåande skule aukar tilbodet i studiespesialisering frå tre til fire grupper. Då kan ein tilby programfaget medie- og informasjonskunnskap, og i tillegg kan skulen gje eit breiare tilbod av programfag i andre retningar.

Fylkesdirektøren rår til at vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule blir lyst ut slik at dei 14 elevane i vg2 får fullføre.

Utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur er eige utdanningsprogram for tredje året. Tidlegare var det tilbydd som studiespesialisering med formgjevingsfag. Ei av målsettingane med å opprette eit eige utdanningsprogram var at betre synleggjering av dei kreative faga skulle auke søkinga. Det har i liten grad skjedd, verken nasjonalt eller i Sogn og Fjordane har det nye utdanningsprogrammet trekt til seg særleg fleire søkarar enn før omlegginga.

Til skuleåret 2018-19 var det til 2.inntak teke inn 15 elevar til vg1 og 15 til vg2.

Fylkesdirektøren si tilråding i medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur :

- Vg1 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule blir ikkje lyst ut.
- Vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule blir lyst ut med ei gruppe
- Vg1 medium og kommunikasjon ved Hafstad vidaregåande skule blir lyst ut med 0,5 gruppe
- Vg1 kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule blir lyst ut med 0,5 gruppe

Utdanningsprogramma studiespesialisering og idrettsfag

Inneverande skuleår er det sett i gang 18 grupper på vg1 studiespesialisering. Justering på vg2 og vg3 nivå for tilpassing til inneverande år er gjennomført på Eid vidaregåande skule, der vg2 må aukast med ei gruppe og vg3 reduserast med ei gruppe

Under omtalen av medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule var det fylkesdirektøren si vurdering at kapasiteten i studiespesialisering burde aukast med ei gruppe, både fordi ein med fire parallellar kan tilby større breidde i programfag og fordi auken er alternativ til medium og kommunikasjon ved skulen.

Av den samla auken i elevtal frå grunnskulen på 69 er 23 av dei frå Gloppen kommune. For å ta omsyn til elevauken i Nordfjord og ha tilstrekkeleg kapasitet på vg1 vel fylkesdirektøren å legge inn ei ekstra gruppe vg1 studiespesialisering ved Firda vidaregåande skule. Auke i dei studieførebuande utdanningsprogramma gir størst effekt på plasstal, også her vil justeringa syne behovet.

Ved idrettsfag er det ikkje framlegg om endringar i kapasiteten på vg1. Ved Firda vidaregåande skule er det to grupper på vg2 i år, og desse gruppene blir vidareførde til vg3 kommande skuleår.

Fylkesdirektøren si tilråding i studiespesialisering og idrettsfag:

- Vg1 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg2 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg3 studiespesialisering ved Eid vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg1 studiespesialisering ved Firda vidaregåande skule blir auka med ei gruppe
- Vg2 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg3 idrettsfag ved Firda vidaregåande skule blir auka med ei gruppe

Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk

Dette utdanningsprogrammet er eitt av dei der FON meiner at kapasiteten på vg1 bør aukast, for å kunne auke kapasiteten på vg2 året etter. Stryn er ein av kommunane med auke i tal elevar frå grunnskulen, og kapasiteten der bør aukast. Samtidig ønsker ein å lyse ut tilbod for vaksne. Fylkesdirektøren rår til at tilbodet ved Stryn vidaregåande skule blir auka frå to til to og ei halv gruppe, kombinert med ei halv gruppa tilbod for vaksne.

Ut over denne gruppetalsauken har fylkesdirektøren ikkje framlegg til endringar i utdanningsprogrammet. I eit fylkesperspektiv ser elevtalet på vg1 i år ut til å gje godt grunnlag for oppfylling av vg2-gruppene kommande år. Vi har merka oss behovet for auke i vg2 anleggsteknikk.

Fylkesdirektøren si tilråding i bygg- og anleggsteknikk :

- Vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule blir auka med 0,5 gruppe i kombinasjon med 0,5 gruppe for vaksne

Utdanningsprogrammet design og handverk

Inneverande år er det 20 elevar på vg1 design og handverk ved Eid vidaregåande skule. På vg2 er det 7(9) elevar på interiør og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule, og 5(8) elevar på frisør ved Høyanger vidaregåande skule. Tala for 2017-18 står i parentes. Vi veit at mange elevar frå vg1 design og handverk søker kryssløp til vg2 barne- og ungdomsarbeidar eller tek frisørutdanning ved private frisørskular.

Elevtalet ved vg2 frisør har vore svært lågt over mange år. Skulen har peika på at det er svært krevjande å rekruttere til eit programområde på vg2 utan vg1 tilbod ved same skulen. Det er fylkesdirektøren samd i, men søkinga til utdanningsprogrammet gir ikkje grunnlag for etablering av vg1 ved fleire skular. I den nye yrkesfaglege strukturen er programområdet føreslege lagt til utdanningsprogram for frisør-, blomster- og interiørdesign (arbeidstittel). Vi tilbyr to av dei tre programområda i dag, og det er difor lite truleg at strukturendringa vil påverke søkinga.

Slik søkinga har vore til vg2 frisør ved Høyanger vidaregåande skule dei seinare åra, vil programområdet truleg ikkje overleve som tilbod i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren meiner at dersom vi skal teste ut om tilbodet kan få større søking før overgang til Vestland fylkeskommune, er alternativet å flytte tilbodet til Eid vidaregåande skule, der vg1-tilbodet ligg. Flytting skal ikkje medføre bygningsmessige tilpassingar, då det føreset at skulen finn egna leigd lokale og nyttar utstyr som i dag finst på Høyanger vidaregåande skule.

Vg2 industriell møbelproduksjon høyrer til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men er kryssløp både frå design og handverk og bygg- og anleggsteknikk. Tilbodet er fylkesdekkande, og det har vore svært få elevar frå andre fylke. Programområdet er ikkje vidareført i den nye yrkesfaglege strukturen.

Fylkesdirektøren rår til at vi lyser ut vg2 industriell møbelproduksjon som ei halv gruppe som i år. Basert på erfaringar frå søking frå vg1 design og handverk rår fylkesdirektøren til at vg2 frisør og vg2 interiør og utstillingsdesign vert lyst ut som ei halv gruppe kvar.

Fylkesdirektøren si tilråding i design og handverk :

- Vg2 frisør ved Høyanger vidaregåande skule vert ikkje lyst ut
- Vg2 frisør ved Eid vidaregåande skule vert lyst ut med 0,5 gruppe

Utdanningsprogrammet elektrofag

Inneverande år er det sett i gang 10 grupper på vg1 nivå. I framlegget er det 10 grupper på vg2 nivå kommande skuleår.

Over fleire år har det vore vanskeleg å formidle alle dataelektronikarane ut i lære etter vg3. Det tyder på at behovet ikkje er 24 nye lærlingar kvart år. Vg3 tilbodet er ved Sogndal og Eid vidaregåande skular. For å redusere rekrutteringsgrunnlaget til vg3 dataelektronikarfaget rår fylkesdirektøren til at vg2 data og elektronikk ikkje vert tilbod ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Opplæringskontoret for elektrofag (NELFO) melder at kapasiteten på vg2 elenergi er i samsvar med læreplasztilgangen. Formidlingstal til læreplassar syner det same.

Frå vg1 elektrofag er det kryssløp til fleire programområde i teknikk og industriell produksjon. Av dei programområda vi har i fylket er det kryssløp til industriteknologi, køyretøy og maritime fag. I alle desse faga er det signalisert behov for fleire lærlingar. I arbeidet med å gje tilbod til alle søkerane har fylkesdirektøren ikkje gitt tilbod om kryssløp ungdommen ikkje har søkt til. Det er difor viktig at skulane og næringslivet informerer om alternative mogelege utdanningsløp, både for å sikre at alle får tilbod og for best mogeleg tilpassing til behovet for lærlingar. Kva kryssløp som blir i den nye yrkesfaglege strukturen er ikkje kjent enno.

Fylkesdirektøren si tilråding i elektrofag:

- Vg2 data- og elektronikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir ikkje lyst ut

Utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag

Inneværende år er det 13 grupper vg1 helse og oppvekst og 0,5 gruppe YSK helse og oppvekst. Det er teke inn 200 elevar med ungdomsrett til om lag 180 plassar på vg2. Dette kan bli litt knapt, men søkinga vil gje svar på kor eventuell kapasitetsauke bør ligge.

I skulebruksplanen vart Høyanger vidaregåande skule utan tilbod i helse- og oppvekstfag. Det har vore stor auke i søkinga til helse og oppvekstfag sidan skulebruksplanen vart vedteken, og i Sunnfjord har Mo og Øyrane vidaregåande skule fått utvida gruppetalet til fire grupper. Det har vore vanskeleg å få alle desse ut i lære, og konsentrasjonen rundt Førde har blitt stor.

Som nemnt innleiingsvis ønsker fylkesdirektøren å sjå nokre tilbod i lag for unge og vaksne. Helse- og oppvekstfag er eitt av utdanningsprogramma der vaksne etterspør opplæringstilbod. Ut frå problemstillinga med konsentrasjon i Førde, og kombinasjon av tilbod for ungdom og vaksne, vil fylkesdirektøren rå til at det vert oppretta ei kombinert gruppe vg1 helse og oppvekst ved Høyanger vidaregåande skule, ei halv gruppe for ungdom og ei halv gruppe VO. Elevgrunnlaget til Høyanger vidaregåande skule er relativt lokalt, og det er ikkje ønskeleg å ta bort søkargrunnlaget til studiespesialisering, som for søkarane vil vere alternativet. Med ei halv gruppe helse- og oppvekstfag meiner ein at denne problemstillinga er ivareteken.

Ut frå argumentasjonen om læreplassituasjonen i og rundt Førde, rår fylkesdirektøren til at tilbodet på vg1 helse- og oppvekstfag vert redusert med ei gruppe.

Fylkesdirektøren si tilråding i helse- og oppvekstfag:

- Vg1 helse- og oppvekstfag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule bli redusert med ei gruppe
- Vg1 helse- og oppvekstfag ved Høyanger vidaregåande skule blir oppretta med 0,5 gruppe i kombinasjon med 0,5 gruppe for vaksne

Utdanningsprogrammet restaurant- og matfag

Inneverande skuleår er det ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2 ved Sogndal, Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular. Ved Sogndal vidaregåande skule er det 3 elevar på vg1, medan gruppene ved dei andre skulane er om lag fulle.

Søkinga til vg1 restaurant- og matfag ved Sogndal vidaregåande skule har vore svært låg i mange år. Til inneverande år var det fire primærsøkarar og ti inntekne til 2 inntak. Elevtalet er per no under fem elevar. På grunnlag av den svake søkinga over tid rår fylkesdirektøren til at vg1 restaurant- og matfag ikkje blir lyst.

Elevtalet på vg1 gjer at det ikkje grunnlag for å sette i gang vg2 kokk og servitør ved Sogndal vidaregåande skule. Det har vore drøfta med vaksenopplæringa om det kan vere aktuelt med ei kombinert gruppe, men fylkesdirektøren si vurdering er at elevtalsgrunnlaget på vg1 ikkje er tilstrekkeleg til å forsvare ei halv gruppe når det samtidig vil vere ledig kapasitet ved dei andre skulane som tilbyr vg2 kokk og servitør.

Fylkesdirektøren si tilråding i restaurant- og matfag:

- Vg1 restaurant- og matfag ved Sogndal vidaregåande skule blir ikkje lyst ut

Utdanningsprogrammet service og samferdsel

Vg2 IKT-servicefag vart ikkje sett i gang ved Flora vidaregåande skule inneverande år. Fylkesdirektøren har vurdert læreplassstilgangen, og kan ut frå tal elevar som gjekk ut våren 2018,

og som framleis står utan læreplass, ikkje sjå at det er grunnlag for å opprette programområdet skuleåret 2019-20.

Utdanningsprogrammet har varierende søking ved skulane. Ved Årdal vidaregåande skule er det no 5 elevar på vg1 og 9 på vg2 sal, service og sikkerheit. Ved Flora vidaregåande skule er det 18 elevar på vg1 og 9 på vg2 sal, service og sikkerheit.

Søkargrunnlaget til Årdal vidaregåande skule er lokalt, og med grunnlag i den svake søkinga til vg1 service og samferdsel rår fylkesdirektøren til at tilbodet blir redusert til 0,5 gruppe i kombinasjon med vaksenopplæring i 0,5 gruppe.

Sidan det berre er 5 elevar på vg1 service og samferdsel i år er rekrutteringsgrunnlaget til vg2 så lite at fylkesdirektøren rår til at tilbodet ikkje vert lyst ut.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om at vg1 service og samferdsel ved Årdal vidaregåande skule blir lyst ut som kombinasjon mellom unge og vaksne. Ved Flora vidaregåande skule vil elevtalet på vg1 i år kunne danne grunnlag for 1,5 gruppe unge og 0,5 gruppe vaksne på vg2 sal, service og sikkerheit.

Nordfjord opplæringskontor har spelt inn ønske om at Måløy vidaregåande skule også skal ha YSK tilbod i IKT-servicefaget. Fylkesdirektøren viser til hovudutvalet for opplæring sitt tidlegare vedtak om YSK-tilbod i vg2 helsearbeidarfaget, vg2 industrideknologi og vg2 akvakultur. (HO-sak 35/16)

Som omtalt blir vg2 transport og logistikk overført frå utdanningsprogrammet service og samferdsel til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon i den nye yrkesfagelege tilbodsstrukturen.

Stryn vidaregåande skule er den skulen i fylket som tilbyr vg2 transport og logistikk, og som ikkje tilbyr utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon. Fleire opplæringskontor skriv i sine innspel til fagopplæringsnemnda at utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon bør bli tilbod ved Stryn vidaregåande skule igjen.

Hovudutval for opplæring har vedteke at dei vidaregåande skulane i Nordfjord skal samarbeide for å møte heile Nordfjord sitt behov for arbeidskraft. Fagopplæringsnemnda har vore tydeleg på at bedrifter ikkje kan satse på å rekruttere lærlingar berre frå eigen kommune, då tilbod og etterspurnad etter lærlingar blir skeivt, og kampen om lokale lærlingar går ut over det samla næringslivet i kommunane. Fylkesdirektøren har fått tilbakemelding frå rektorane i Nordfjord at det er sett i verk ei rekke tiltak for å styrke samarbeidet i regionen.

Fylkesdirektøren deler vurderinga om at ein må sjå på vg2 transport og logistikk og samanhengen med eit vg1 tilbod i teknikk og industriell produksjon inn i mot den nye strukturen på yrkesfag. I dette må ein vurdere det samla rekrutteringsgrunnlaget av søkarar til yrkesfag opp mot dei samla behova for fagarbeidarar på tvers av utdanningsprogramma. Slik søkargrunnlaget til yrkesfaga ved Stryn vidaregåande skule er, kan ein risikere at andre yrkesfagelege utdanningsprogram ikkje får tilstrekkeleg søkargrunnlag. Fylkesdirektøren ønsker at alle bransjar skal bli høyrde i ei slik samla vurdering.

Fylkesdirektøren si tilråding i service og samferdsel:

- Vg2 sal, service og tryggleik ved Flora vidaregåande skule blir lyst ut med 0,5 gruppe i kombinasjon med 0,5 gruppe for vaksne.
- Vg1 service og samferdsel ved Årdal vidaregåande skule blir lyst ut med 0,5 gruppe i kombinasjon med 0,5 gruppe for vaksne.
- Vg2 sal, service og tryggleik ved Årdal vidaregåande skule blir ikkje lyst ut

Utdanningsprogrammet naturbruk

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2018-19 gjorde ein greie for den positive utviklinga i søkinga til vg1 naturbruk, både ved Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vart tilbodet lyst ut med to grupper, og ved Måløy vidaregåande skule vart tilbodet auka til 1,5 grupper i justeringa i april. Det er 21 elevar i vg1 naturbruk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og 16 elevar ved Måløy vidaregåande skule.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule rår Fylkesdirektøren til at vg2 landbruk og gartnar blir lyst ut med to grupper som følgje av to grupper vg1 i år.

Vg2 tilbodet i Måløy er 0,5 gruppe fiske og fangst og 0,5 gruppe akvakultur. Skulen har strekt seg så langt dei kan med omsyn til plasstal, og det er no 8 elevar på vg2 akvakultur og 7 elevar på vg2 fiske og fangst. Resultatet av søkinga til vg2 gir grunnlag for å vurdere om det er behov for å auke gruppetalet for å gje plass til søkarane frå vg1.

Fylkesdirektøren si tilråding i naturbruk:

- Vg2 landbruk og gartnar ved Mo og Øyrane vidaregåande skule blir lyst ut med to grupper

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon

Til skuleåret 2017-18 blei vg2 køyretøy og vg2 bilskade, lakk og karosseri ved Mo og Øyrane vidaregåande skule lyst ut med 6 plassar kvar, med ein samla grupperessurs på 1,5 grupper. Nedjusteringa av kapasiteten skuldast at mange stod att utan læreplass. I handsaminga av opplæringstilbodet for 2018-19 vedtok hovudutvalet for opplæring å auke plasstalet i vg2 køyretøy til 9 plassar. Opplæringskontoret meiner at det no er grunnlag for å auke opp til 12 plassar på køyretøy. Fylkesdirektøren støttar dette, sidan det ikkje er søkarar utan tilbod om læreplass i bilfaga. Plasstalet er auka til 12 plassar.

Etter at det i fleire år har vore vanskeleg med læreplassar i vg2- programområda i teknikk og industriell produksjon er det i år ledige plassar på vg2 industriteknologi ved fleire av skulane. No melder bedriftene i bransjen at dei treng auka rekruttering igjen.

Ved Årdal vidaregåande skule ligg det også til rette for kombinasjon med tilbod for vaksne, til saman blir det 1,5 gruppe vg1 teknikk og industriell produksjon.

Det er eit sterkt ønske, frå opplæringskontor og FON, om at vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule blir lyst ut igjen. I tillegg er det eit ønske frå Måløy vidaregåande skule om at vg2 plast og kompositt blir lyst ut igjen. Utlysing av vg2 plast og kompositt vil vere under føresetnad av godkjenning frå Utdanningsdirektoratet. Det viste seg at vi ikkje utan vidare kunne ta i bruk ein godkjent forsøkslæreplan. I samarbeid med skulen vil fylkesdirektøren sende søknad om godkjenning.

I saka om opplæringstilbodet i fjor gjorde ein greie for korleis ein ville løyse auka rekrutteringsgrunnlag til programområdet vg2 plast og kompositt, slik at oppretting av dette programområdet ikkje skulle gi ulemper for andre programområde i utdanningsprogrammet. Frå fylkesdirektøren sitt framlegg i fjor (HO-sak 34/17):

Fylkesdirektøren har, i lag med Måløy og Eid vidaregåande skular, utarbeidd ei løysing som kan gi fleire positive effektar. Løysinga inneber at elevane på vg1 teknikk og industriell produksjon, gjennom faget yrkesfagelg fordjuping (YFF), får kjennskap til alle vg2 retningane i utdanningsprogrammet gjennom utplassering i bedrifter. Faget er på 168 t/år dvs. 6 t/veka. Bedrifter som rekrutterer lærlingar frå faget vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet service og samferdsel vil også bli inkludert, sidan mange av elevane her kjem frå vg1 teknikk og industriell produksjon. For å sikre rekruttering til eksisterande vg2 programområde og å møte behovet for lærlingar tilrår fylkesdirektøren at plasstalet på vg1 vert utvida med seks plassar i vg1 teknikk og industriell produksjon; tre plassar ved kvar av skulane Måløy og Eid vidaregåande skular.

Bedriftene som har etterspurt fagarbeidarar i plast- og komposittfaga ønsker ei opplæring i tett samarbeid med bedriftene. Dei ulike bedriftene har ulike kompetanseområde og ulikt utstyr. For at elevane skal få nødvendig breidde i kompetansen og møte læreplanmåla tilrår bedriftene at elevane får høve til å rullere mellom ulike bedrifter. Fylkesdirektøren foreset at Eid og Måløy vidaregåande skular samarbeider om eitt tilbod i lag med bedriftene.

Måløy vidaregåande skule har programområda vg2 køyretøy og vg2 maritime fag i tillegg til YSK i industriteknologi. Eid vidaregåande skule har programområda vg2 industriteknologi og vg2 industriell møbelproduksjon (landsdekkande linje).

Måløy vidaregåande skule, som ikkje har vg2 industriteknologi, får tilført ressursar til 0,5 gruppe vg2 plast og kompositt. Ved Eid vidaregåande skule skal inntil seks plassar ved eksisterande vg2 industriteknologi spissast mot dei behova bedriftene har innan plast og kompositt og koordinerast med det nye programområdet ved Måløy vidaregåande skule, som eitt samla tilbod. Plassane ved vg2 industriteknologi ved Eid vidaregåande skule skal nytte faget YFF inn mot lærefaga ut frå vg2 plast og kompositt. Sidan skulane verken har all nødvendig kompetanse eller utstyr til denne opplæringa, må mykje av opplæringa vere i bedriftene, organiserte som ein opplæringsring.

Fylkesdirektøren føreset at samarbeidet som var planlagt i fjor blir teke opp att i år dersom tilbodet vert sett i gang. Begge skulane får tre ekstra plassar på vg1 teknikk og industriell produksjon, som rekrutteringsgrunnlag til vg2 plast og kompositt.

Ved Dale vidaregåande skule vart det, for inneverande skuleår, oppretta to grupper vg1 teknikk og industriell produksjon i justeringa av opplæringstilbodet. Fylkesdirektøren meiner at ut frå rekrutteringsgrunnlaget er det naturleg å lyse ut berre ei gruppe, og gjer framlegg om det. Samtidig peikar rektor på at to grupper på vg1-nivå gir grunnlag for 1 gruppe på vg2-nivå ved skulen. Vg2 industriteknologi vart ikkje sett i gang i år, men med to grupper vg1 i år, er det godt grunnlag for å lyse ut vg2 industriteknologi.

Maritimt opplæringskontor gjer greie for at dei har behov for fleire lærlingar i lærefag som går ut frå vg2 maritime fag. Det er positivt dersom det igjen er rom for meir enn to grupper, fordi vg2 maritime fag er programområde som i alle år har oversøking. Fylkesdirektøren har ikkje funne rom for å auke kapasiteten no, men også dette behovet vil vere med i vurderingane i justeringsaka.

Fylkesdirektøren si tilråding i teknikk og industriell produksjon:

- Vg2 plast og kompositt ved Måløy vidaregåande skule blir lyst ut med 0,5 gruppe.
- Vg1 teknikk og industriell produksjon ved Dale vidaregåande skule blir redusert med ei gruppe
- Vg2 industriteknologi ved Dale vidaregåande skule blir lyst ut med ei gruppe
- Vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule blir lyst ut med ei gruppe

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse og vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Til vg3 påbygging til generell studiekompetanse er det fire grupper i fylket, med om lag 120 plassar. Dale, Hafstad, Flora og Eid vidaregåande skular har ei gruppe kvar. I tillegg har vi tilbod i vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved Årdal vidaregåande skule. Her har søkarar med bestått yrkeskompetanse rett på tilbod, og eventuelle ledige plassar blir gitt til søkarar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. I år er det 17 elevar i vg4 og 9 elevar i vg3 ved skulen.

Søkinga til vg3 påbygging til generell studiekompetanse har gått ned i løpet av dei siste åra. I tillegg er søkarar med bedrift som første ønske fjerna i oversikta over primærsøkarar. Det var 139 primærsøkarar med ungdomsrett til dei 120 plassane.

I tillegg til 17 elevar ved vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved Årdal vidaregåande skule, går tre elevar ved Dale vidaregåande skule i lag med ordinær påbygging til generell studiekompetanse. Desse fekk tilbod etter rekkefølge på ventelista, etter at alle søkarar med ungdomsrett hadde fått tilbod om plass.

Søkarar fylkesdirektøren har vore i kontakt med, og Nordfjord opplæringskontor, har etterlyst ei meir fleksibel løysing på tilbodet om studiekompetanse for dei som har rett etter fullført yrkeskompetanse. Større fleksibilitet gjer det mellom anna mogeleg å halde fram i jobb samtidig som dei fullfører studiekompetanse.

Fylkesdirektøren har sett på om det er mogeleg å kombinere opplæring mot studiekompetanse etter yrkeskompetanse med opplæring i vaksenopplæringa, som komprimerte løp og som kombinasjon

mellom nettundervisning og samlingar. Tolkning av §3.1 ellefte ledd i opplæringslova(Geir Helgeland- opplæringslova –lovkommentar) konkluderer slik:

« *alder er avgjerande for om rettighetene til søkeren må oppfyllest som ordinær opplæring etter kapittel 3 eller som vaksenopplæring etter kapittel 4A. Fram til og med det året man fyller 24 år har man rett til denne typen opplæring ett er kapittel 3»*

Ut frå denne tolkinga kan fylkeskommunen truleg ikkje tilby anna enn full opplæring etter læreplanane for søkarar under 24 år.

Dersom tilbodet skal bli meir tilgjengeleg i fylket, kan det løysast ved at dei med rett til påbygging til generell studiekompetanse (vg4), får søke til dei ordinære vg3 gruppene, og at dei konkurrerer seg i mellom på eit tal plassar som må settast av i gruppeoppsettet til den enkelte skule. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 5 plassar til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved skulane som har vg3 påbygging til generell studiekompetanse, Hafstad, Flora, Dal og Eid vidaregåande skular.

Konsekvensen vil truleg vere at søknaden til det etablerte tilbodet vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse truleg vil bli svekka.

I utdanningsprogrammet musikk, dans og drama har Fylkesdirektøren ikkje framlegg til endringar.

Samla endingar:

Tabell 2 syner fylkesdirektøren si tilråding til endringar, presenterte per skule:

Skule	Utd.program	Programområde	Nivå	Fylkesdirektøren sitt framlegg til endring i gruppetal frå igangsett tilbod 2018-19	Fylkesdirektøren sitt framlegg til utlysing av grupper 2019-20
Årdal	SS.	Service og samferdsel	1	-0,5	0,5
Årdal	SS.	Sal service og sikkerheit	2	-1,0	0,0
Årdal	TP.	Kjemiprosess	2	1,0	1,0
Sogndal	ST.	Studiespesialisering	1	1,0	4,0
Sogndal	MK.	Medium og kommunikasjon	1	-1,0	0,0
Sogndal	MK.	Medium og kommunikasjon	3	1,0	1,0
Sogndal	RM.	Restaurant- og matfag	1	-1,0	0,0
Høyanger	DH.	Frisør	2	-1,0	0,0
Høyanger	HS.	Helse og oppvekstfag	1	0,5	0,5
Dale	TP.	Teknikk og industriell produksjon	1	-1,0	1,0
Dale	TP.	Industrieteknologi	2	1,0	1,0
Hafstad	MK.	Medium og kommunikasjon	1	-0,5	0,5
Hafstad	MK.	Kunst, design og arkitektur	1	-0,5	0,5
Mo og Øyrane	HS.	Helse og oppvekst	1	-1,0	3,0
Mo og Øyrane	EL.	Data og elektronikk	2	-1,0	0,0
Mo og Øyrane	NA.	Landbruk og gartnamæring	2	1,0	2,0
Mo og Øyrane	TP.	Teknikk og industriell produksjon	1	1,0	3,0
Firda	ST.	Studiespesialisering	1	1,0	2,0
Firda	ID.	Idrettsfag	2	-1,0	1,0
Firda	ID.	Idrettsfag	3	1,0	2,0
Flora	SS.	Sal, service og sikkerheit	2	0,5	1,5
Måløy	TP.	Plast og kompositt	2	0,5	0,5
Eid	DH.	Frisør	2	0,5	0,5
Eid	ST.	Studiespesialisering	2	1,0	2,0
Eid	ST.	Studiespesialisering	3	-1,0	1,0
Stryn	BA.	Bygg- og anleggsteknikk	1	0,5	2,5
		Sum endingar		1,0	

I framlegget ligg det til rette for desse fem kombinasjonane mellom opplæring for ungdom og vaksenopplæringa:

vg1	Service og samferdsel	Årdal vidaregåande skule
vg1	Teknikk og industriell produksjon	Årdal vidaregåande skule

vg1	Helse- og oppvekstfag	Høyanger vidaregåande skule
vg2	Sal, service og sikkerheit	Flora vidaregåande skule
vg1	Bygg- og anleggsteknikk	Stryn vidaregåande skule

Kostnadene i gruppene med tilbod for vaksne og ungdom blir delte likt. Også her kan det bli behov for justeringar når ein ser korleis søkinga blir. Fylkesdirektøren håpar at slike kombinasjonsgrupper vil ha ein positiv effekt. Dei fleste av kombinasjonsgruppene er i programområde der det har vore svak søking, som anten har resultert i lågt elevtal i gruppa eller at tilbodet ikkje kom i gang.

6. Konsekvensar for personalet

Fylkesdirektøren sitt framlegg til opplæringstilbod for skuleåret 2019-20 er på nivå med tilbodet skuleåret 2019-189. Framlegget vil samla sett ikkje ha store konsekvensar for personalsituasjonen. Likevel kan det få konsekvensar for tilsette på nokre programområde.

Ein auke eller reduksjon i gruppetalet vil påverke stillingsplanarbeidet på den einskilde skule. Når justeringa av opplæringstilbodet for 2019-20 er vedteke kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og først då vil fylkesdirektøren få oversikt over eventuelt overtal. Midlar til tilpassa opplæring og kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet.

7. Oppsummering

Som omtala innleiingsvis meiner fylkesdirektøren at gruppetalet på 220 grupper, med tilhøyrande plasstal, vil vere tilstrekkeleg for skuleåret 2019-20. Det er ei politisk målsetting å lyse ut tilbodet så breitt som mogeleg, for så å justere tilbodet i tråd med søkarane sine ønske når søknadsfristen er ute.

Målsettinga om breiast mogeleg utlysing av tilbodet har bunde opp ein del grupper på vg2 i utlysinga, og konsekvensen er at det i framlegget er ein reduksjon i gruppetalet på vg1. Dette er urealistisk, men ut frå erfaringane frå tidlegare år er det grunn til å rekne med at grupperessursar vil bli omdisponerte mellom nivåa, slik at kapasiteten blir tilstrekkeleg på alle tre nivå.

Samla tilbod ved kvar skule

a) Årdal vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 10,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Tilbod sett i gang 2018-19		Fylkesdirektøren si tilsråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	15	1,0	14	0,5	7
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	1,0	15	0,0	0
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	31	1,0	31
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.		10		10		10
4	PBPBY4YK--	Påbygging til generell stud.komp.- etter yrkeskompetanse	1,0	20	1,0	20	1,0	20
			12,0	222,0	12,0	222,0	10,5	200,0

b) Sogndal vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 40 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Tilbod sett i gang 2018-19		Fylkesdirektøren si tilsråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	5,0	61	4,0	47	4,0	47
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12

2	BABYG2----	Byggteknikk	3,0	36	2,0	24	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	28	2,0	28
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	2,0	24	1,0	12	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	32	2,0	32	2,0	32
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	30	2,0	30	2,0	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	0,0	0
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	15	0,0	0	1,0	15
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	14	1,0	15	0,0	0
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12	0,0	0	0,0	0
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	2,0	32	2,0	34	2,0	34
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	3,0	81	3,0	90	4,0	120
2	STUSP2----	Studiespesialisering	3,0	81	3,0	81	3,0	90
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120	3,0	90	3,0	90
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		46,0	841,0	40,0	762,0	40,0	771,0

c) Høyanger vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 7,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Tilbod sett i gang 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
2	DHFRI2----	Frisør	1,0	12	1,0	12	0,0	0
1	ELELE1----	Elektrofag	1,0	13	1,0	14	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse og oppvekstfag	0,0	0	0,0	0	0,5	8
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31	1,0	32	1,0	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		8,0	152,0	8,0	154,0	7,5	148,0

d) Dale vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 9 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	16	2,0	29	2,0	24
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	31	1,0	31
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	1,0	15	2,0	24	1,0	15
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	0,0	0	1,0	12
	Totalt		8,0	178	9,0	189	9,0	184

e) Mo og Øyrane vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 37,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	5,0	60	5,0	60	5,0	60
2	BABYG2----	Byggteknikk	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2,0	24	2,0	24	2,0	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	0,0	0
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3,0	49	4,0	62	3,0	48
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	HSHE2----	Helseservicefag	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	NANAB1----	Naturbruk	2,0	24	2,0	24	2,0	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk-hest	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	13
2	NALGA2----	Landbruk - og gartnerfaget	1,0	12	1,0	12	2,0	24
3	NANAB3----	Naturbruk- studieførebuande	1,0	21	1,0	21	1,0	21
3	NALBR3----	Landbruk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1,0	17	1,0	14	1,0	14
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel - YSK 4-årig	1,0	15	1,0	13	1,0	13
2	SSSSS2P---	Sal, service og sikkerheit- YSK 4-årig	1,0	11	1,0	9	1,0	9
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	0,0	9	0,0	8	0,0	8
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	0,0	0	0,0	0	0,0	8
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	3,0	36
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	6	1,0	9	1,0	132
	Totalt		36,5	473	37,5	481	37,5	611

f) Hafstad vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 18 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	32	0,5	15
2	MEMOK2----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	MEMOK3----	Medium og kommunikasjon	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	STUSP1----	Studiespesialisering	4,0	121	4,0	122	4,0	122
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4,0	120	4,0	120	4,0	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4,0	120	4,0	120	4,0	120
1	KDKDA1----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	0,5	15
2	KDKDA2----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	KDKDA3----	kunst, design og arkitektur	1,0	30	1,0	30	1,0	30
	Totalt		19,0	571	19,0	574	18,0	542

g) Flora vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 27,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12

1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	2,0	24	2,0	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2,0	33	2,0	30	2,0	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	SSSSA1----	Service- og samferdsel	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerheit	1,0	15	0,0	0	1,5	23
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
	Totalt		26,0	513	26,0	507	27,5	530

h) Måløy vidaregåande skule - tilbudet blir lyst ut med 21 grupper			Utløst tilbud 2018-19		Igangsett tilbud 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1,0	13	1,0	13	1,0	13
2	BABYG2----	Byggteknikk	1,0	12	1,0	14	1,0	14
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1,0	14	1,0	16	1,0	16
1	HSHSF1P---	Helse- og oppvekstfag YSK-4-årig	0,5	4	0,5	8	0,5	8
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag YSK 4-årig	0,5	7	0,5	6	0,5	6
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1,0	15	1,0	16	1,0	16
1	NANAB1----	Naturbruk	1,5	18	1,5	18	1,5	18
1	NANAB1P---	Naturbruk maritime fag YSK 4-årig	0,0	4	0,0	4	0,0	4
4	NAAKV2P---	Akvakultur YSK 4-årig	0,0	4	0,0	4	0,0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	7	0,5	7	0,5	7
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6	0,5	6	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant og matfag	1,0	12	1,0	15	1,0	15
2	RMKOS2----	Kokk og servitørfag	1,0	12	1,0	15	1,0	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	25	2,0	25
1	TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	4	0,5	4	0,5	4
2	TPTIP2P---	Teknikk og industriell produksjon YSK 4-årig	0,5	6	0,5	3	0,5	3
2	TPPOK2----	Plast og kompositt	0,5	6	0,0	0	0,5	6
2	TPMAR2----	Maritime fag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPKJT2----	Køyretøy	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY4P1--	YSK 3.år- Påbygging	1,0	15	1,0	17	1,0	17
4	PBPBY4P2--	YSK 4.år- Påbygging	1,0	18	1,0	18	1,0	18
	Totalt		21,0	327	20,5	335	21,0	341

i) Firda vidaregåande skule - tilbudet blir lyst ut med 14 grupper			Utløst tilbud 2018-19		Igangsett tilbud 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1,0	30	2,0	60	1,0	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	2,0	60
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MDMDD1--4-	Musikk, dans og drama- dans	0,5	12	0,5	13	0,5	13
1	MDMDD1--1-	Musikk, dans og drama- musikk	1,0	25	1,0	24	1,0	24
1	MDMDD1--6-	Musikk, dans og drama- drama	0,5	12	0,5	13	0,5	13
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1,0	24	1,0	24	1,0	24
3	MDMUS3----	Musikk	1,0	24	1,0	25	1,0	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12	0,5	12	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12	0,5	12	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1,0	31	1,0	30	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	1,0	30
	Totalt		12,0	326	13,0	357	14,0	387

J) Eid vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 19,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og handverk	2,0	31	2,0	34	2,0	34
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	0,5	8	0,5	8	0,5	8
2	DHFRI2----	Frisør	0,0	0	0,0	0	0,5	8
1	ELELE1----	Elektrofag	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELELE2----	Elenergi	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PBPBY3----	Påbygging til generell stud.komp.	1,0	27	1,0	27	1,0	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1,0	30	1,0	30	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	1,0	30
1	TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon LAD	0,5	6	0,5	12	0,5	12
0	0	Industriteknologi	1,0	12	1,0	361	1,0	12
	Totalt		19,0	342,0	19,0	700,0	19,5	359,0

k) Stryn vidaregåande skule - tilbodet blir lyst ut med 15,5 grupper			Utlyst tilbod 2018-19		Igangsett tilbod 2018-19		Fylkesdirektøren si tilråding for 2019-20	
Nivå	Kode	Programområdenamn	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar
2	BABYG2----	Bygg og anleggsteknikk	2,0	24	2,0	24	2,5	30
1	HSHSF1----	Byggteknikk	2,0	24	1,0	12	1,0	12
2	HSHEA2----	Helse- og oppvekstfag	1,0	15	2,0	30	2,0	30
1	SSSSA1----	Helsearbeidarfag	2,0	30	1,0	15	1,0	15
2	SSSSS2----	Service og samferdsel	1,0	12	1,0	15	1,0	15
2	SSRLV2----	Sal, service og sikkerheit	0,5	6	0,5	7	0,5	7
2	SSTRL2----	Reiseliv	0,5	6	0,5	6	0,5	6
1	STUSP1----	Transport og logistikk	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
0	0	Studiespesialisering	2,0	60	2,0	60	2,0	60
	Totalt		16,0	312,0	15,0	304,0	15,5	310,0